



Notat

Dato: 20.09.2016
Arkivsak: 2015/3001-11
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for Miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om korrespondanse mellom snøggbåt og buss i Nordhordland

Fylkesutvalmedlem Nils Marton Aadland har stilt fylgjande spørsmål til fylkesrådmannen:

Passasjertala for snøggbåtsambandet mellom Nordhordland og Bergen har gjennom tid vist ei svært positiv utvikling. Dette snøggbåtsambandet er ein suksess som bør vidareutviklast. Mange pendlarar ønskjer å nytta det som er Nordhordland si «bybane».

I dag er det utfordrande å finne parkering nær snøggbåtkaia på Frekhaug. For at fleire skal kunna nytta snøggbåten er det naudsynt å etablere korrespondanse med buss. Det vil høgst truleg føre til fleire reisande på snøggbåten, som igjen vil kunne skape grunnlag for auka rutefrekvens og dermed eit endå betre tilbod for dei reisande mellom Nordhordland og Bergen.

I Utval for miljø og samferdsel sitt møte den 14.01.16 blei det frå administrasjonen gitt svar på spørsmål frå underteikna om snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik.

Eit av spørsmåla mine dreidde seg om korrespondanse mellom snøggbåten og buss.

I svaret frå administrasjonen blei det mellom anna opplyst følgjande:

«I tråd med Kollektivstrategien og handlingsprogram for 2015-18, vert det arbeid med å etablere ei regionstamline for nordkorridoren mellom Nordhordland og Bergen.

I utkast til driftsopplegg for denne regionstamlina inngår også tilbod om korresponderande buss til båtavgangane, mellom Hjartås/Mjåtveitflaten og Frekhaug kai, og mellom Alvermarka og Knarvik kai. Det vert arbeid med plan om iverksetting frå hausten 2016».

Etter det eg kjenner til er det ikkje etablert tilbod om korresponderande buss til båtavgangane.

Mitt spørsmål er:

Når vil det bli etablert tilbod om korresponderande buss til snøggbåten sine avgangar på Frekhaug og Knarvik?

I bakgrunn for spørsmålet vert det oppsummert vist til den positive passasjerutviklinga for Nordhordlandsbåten, utfordringar knytt til parkering nær snøggbåtkaia på Frekhaug og at eit korresponderande busstilbod vil styrke trafikkgrunnlaget for båtsambandet. Det vert og vist til tidlegare spørsmål knytt til trafikkutviklinga for båtsambandet og mogleg ny/betre korrespondanse mellom båt og buss (MISA 14.01.2016).

I svaret frå fylkesrådmannen og i politisk sak til MISA 14.01.2016 (sak 6/2016) om etablering av regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen, går det fram at eit korresponderande busstilbod til båtavgangane på Knarvik og Frekhaug kai vert planlagt som del av innføringa av ny regionstamlinje. Framlegget omfatta eit utvida båttilbod til Knarvik kai for å betene Alverområdet og Juvikstølen/Lonsvegen, samt nytt tilbod til Frekhaug kai frå Hjertås/Mjåtveit. Fylkesrådmannen sin innstilling var å i verksette det nye tilbodet i samband med haustrutene i 2016.

MISA vedtok å utsetje saka, med grunngjeving om mellom anna behov for å gå grundig gjennom konsekvensande for busstilbodet, og med ønskje om ei brukarundersøking. Fylkesrådmannen la så fram ny sak i mars til MISA (sak 36/2016) og fylkesutvalet (sak 81/2016), der det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Framlegg til regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen vil inngå i arbeidet med trafikkplan for Nordhordland, som del av førebuing til nytt bussanbod i området.*
2. *Trafikkplan Nordhordland vil bli lagt fram til politisk handsaming hausten 2016.*
3. *Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje vekt på resultatata som kjem fram i brukarundersøkinga i den vidare ruteplanlegginga.*

Vedtaket innebar med dette at omlegging til regionstamlinje ikkje vart innført hausten 2016. Trafikkplan for Nordhordland vil danne grunnlag for detaljplanlegginga og rutespesifikasjonane i konkurransegrunnlaget for nytt bussanbod for Nordhordland – der regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen utgjer ein vesentleg del av tilbodsendingane. Anbodet skal lysast ut tidleg i 2017, med oppstart i august 2018.

Større ruteendringar i kollektivtilbodet inngår i Skyss sin årlege ruteendringsprosess, med i verksetting i samband med haustrutene. Neste årlege ruteendring er hausten 2017. Ut frå ei samla vurdering om moglegheit for å finne ei effektiv løysing innanfor dagens rutetilbod og økonomiske rammer, er det ikkje planlagt å gjennomføre større endringar i busstilbodet i Nordhordland i den korte perioden som står att i inneverande anbod. Når det gjeld busstilbod til båtavgangane ønskjer ein også å sjå dette som del av det øvrige tilbodet, for å få ei god utnytting av vogner og sjåførar. Dette er særleg viktig med tanke på at det gjeld dei travlaste periodane på dagen, der alt materiell er i produksjon. Nyleg er det gjennomført manuell passasjerteljing på bussane som betener Knarvik kai i dag. Fleire avgangar viser svært låge passasjertal, med snitt mellom null og ein passasjer per tur. Resultata indikerer behovet for å tilpasse busstilbodet til båten med omsyn til passasjergrunnlag og tal avgangar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at ein gjennom trafikkplanarbeidet ser på rutetilbodet i nytt anbod i ein heilskap, for på den måten å kunne innrette eit effektivt busstilbod som i best mogleg grad knyter kollektivtilbodet i regionen saman. Skyss er i dialog med kommunane om prioriteringar og overordna føringar for det komande rutetilbodet.

Skyss vil vurdere ei *midlertidig løysing* med buss til enkelte avgangar mellom Frekhaug terminal og Frekhaug kai, som eit aktuelt tiltak i den årlege ruteendringsprosessen for 2017.

